

Planomtale

Planområdet strekker seg langs Rv. 7 og Strandafjorden på strekninga mellom Breie i aust og Kleivi i vest (sjå varslingskart under). Planområdet er på om lag 50 daa.

Føremålet med detaljreguleringa er å etablere ein turveg mellom Breie og Kleivi. Turvegen Breie til Kleivi er regulert inn på sørsida av Rv. 7. Turvegen vil sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs Rv. 7 på nordsida av Strandafjorden mellom Breie og Kleivi. Turvegen vil også gjere det mogleg å ta ein rundtur rundt Strandafjorden, med bruk av Tiltaksvegen på sørsida av Strandafjorden.

Turstigen er eit viktig tiltak for trafikktryggleiken. Det er regulert inn gangbru over rv 7. Bygging av bru blir eit «økonomisk løft», difor blir det ikkje knytt rekkefølgekrev til bygging av bru før eller samstundes med etablering av turstigen. Det vil uansett vere ein «vinn-vinn» situasjon for både køyrande og mjuke trafikantar å få på plass stigen uavhengig av brua.

Området ligg innanfor kommuneplanens arealdel, planid 2006021. Området er avsett til LNF-3 grender og veg.

Planarbeidet er eit samarbeidsprosjekt mellom Styringsgruppa for Strandafjorden Rundt og Ål kommune.

